



Norges Vassdrag- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref: 20130746 8-39	Dykkar dato: 29.01.2024	Vår ref: 24/5147 - 24/16016	Vår saksbehandlar: Ingeborg Forseth - 712 80 155	Dato: 05.02.2024
------------------------------	-------------------------	-----------------------------	--	------------------

Avgrrensa høyring av søknad om Urdelva kraftverk i Vestnes kommune - fråsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Innleiing

Saka gjeld fråsegn til høyring av komsesjon, Urdelva kraftverk i Vetsnes kommune. Vi har tidlegare uttalt oss i saka i 2017 og i 2020. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

Vassforvaltning

Kraftutbygginga påverkar Urdelva og Dalselva som er en del av vassførekomsten Tressa. Nedre del av Urdelva er sterkt påverka av flaumforbygging. I tillegg er det utført graving i elveløpet. Det går ikkje fram av dokumenta kva som er formålet med denne gravinga i elva, eller

kven som har vært utførande. Av historiske kart kjem det tydeleg fram at opphavleg habitat for anadrom fisk er betydeleg redusert, både i strekning og kvalitet som følgje av tiltaka.

Dalselva (Tressa) er i moderat miljøtilstand med risiko for ikkje å nå miljømålet om *God økologisk tilstand*. Laksebestanden er i *moderat tilstand* og sjøaurebastanden er i *dårleg tilstand*. Vesentlege tiltak krevjast for å nå miljømåla.

Dalselva med sideelvar er svært viktige gyte- og oppvekstområde for dei anadrome bestandane i Tressavassdraget. Kraftutbygginga slik den er planlagt no vil medføre bortføring av vatn på 20% av anadromt strekk i Urdelva, og bidra til ytterlegare forringing av habitatet for laks og sjøaure. Sjølv om det øvste strekket ut frå dagens tilstand er vurdert til å ha lågare verdi enn nedre del av Urdelva, vil dette ha vesentleg innverknad på vassdragsøkologien og produksjonsmoglegheitene i elva. Fiskebiologiske undersøkingar viser relativt høg tettleik av lakseungar samanlikna med Dalselva, også på strekket oppstrøms utløpet frå tenkt kraftstasjon.


Dalselva er også kanalisert og flaumforbygd i området ved utløpet av Urdelva, noko som reduserer ytterlegare den naturlege produksjonskapasiteten i området.

For å unngå ytterlegare negativ påverknad på dei anadrome bestandane i vassdraget, oppmodar vannregionmyndigheten i Møre og Romsdal om at vidare planlegging utgreier alternativ plassering av kraftstasjon.

Tidlegare inngrep i Urdelva, eventuell ny kraftutbygging og tilstanden på dei anadrome bestandane krev at det gjennomførast avbøtande og habitatforbetrande tiltak for anadrom fisk. Dette understøttes i; *Fiskebiologiske undersøkelser Urdelva og Dalselva, Vestnes kommune. Søyland, R 206 - Ecofact rapport 557.*

Samferdsel

Fylkesveg 5982 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 400 køyretøy. Fartsgrense på strekninga er 60 km/t. Fylkesvegen er i rammeplan for avkøyrslar gitt haldningsklasse «lite streng». Godkjenning av ny avkøyrsel og utvida bruk av avkøyrsel kan normalt bli gitt under forutsetning av at dei tekniske krava til utforming av avkøyrsel blir oppfylt. Der forholda ligg til rette for det, kan tilkomst visast til næraste eksisterande avkøyrsel.



Figur 1: Utsnitt frå kart over området.

Kraftstasjon skal plasserast ved Urdelva. Det er opplyst om at «det blir ei avkøyring frå eksisterande veg til kraftstasjonen». Vi tolkar dette som at det skal etablerast ein ny avkøyrse frå den eksisterande skogsbilvegen.

Det er ikkje greia ut om kordan ein skal komme seg til kraftstasjonen under byggeperioden og ved vedlikehald/tilsyn etter oppføringa. Vi tolkar den nye avkøyrse som at ein har tenkt å komme seg dit med køyretøy frå fylkesveg 5982. Det må søkast om utvida bruk av avkøyrse frå fylkesvegen, og søknad skal sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune. For meir informasjon sjå: <https://mrfylke.no/tenester/veg-og-kollektiv/fylkesveg/soknadar-og-loyve/soknad-om-avkoyrse/>.

Automatisk freda kulturminne

Vi viser til tidlegare uttale av 15.09.2017 knytt til opphavleg konsesjonssøknad, der det blei stilt krav om arkeologisk registrering, samt epost fra Blåfall 25.09.2017 der budsjettet ble godkjent under forutsetning av at det ble gitt konsesjon. På bakgrunn av dette er det allereie gjort ei synfaring av området, der det blei påvist spor etter eldre aktivitet ved Gammelstølen (id 284943). Stadnamn og vegetasjon indikerer også eldre bruk. Frå før er det dessutan registrert ein eldre holveg i området (id 149476).

Vi føreset at konsesjonssøknaden tek tilstrekkeleg omsyn til desse kulturminna, slik at dei kan ligge godt bevart for framtida. Vi ser likevel at det framleis er behov for å gjere ei betre kartlegging, jf. vårt brev av 15.09.2017, særleg for å kartlegge omfanget av og karakteren på aktivitetane ved Gammelstølen. Det er også noko uklart kvar den gamle holvegen (ID 149476)

fortsett opp mot fjellet i aust. Rørgatetraséen kan dessutan ha potensial for andre automatisk freda kulturminne.

Vi vil derfor halde på kravet om ei mindre arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML). Vi rår til at registreringa blir gjennomført så tidleg som mogleg i detaljplanleggingsprosessen då funna kan få innverknad på om korleis tiltaket kan gjennomførast. Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagt revidert budsjett, med oppdaterte budsjettsatsar, i tråd med nye nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimumsbudsjett, men vi tek atterhald om at vesentlege uførutsette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi gjer merksam på at dersom grunneigar(ar) nektar fylkeskommunen tilgjenge til sin eigedom, kan ikkje registreringa gjennomførast der før tiltakshavar har skaffe nødvendig tilgjenge til dei områdene det gjeld. Sjå vedlagte akseptskjema, vi ber om at dette blir utfyllt, signert og sendt tilbake til oss ved bestilling av arkeologisk registrering. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

Alle korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det være ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylkeskommune stiller krav om ei mindre arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova. Ber elles om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare behandlinga av saka.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Statsforvaltaren i Møre og

Romsdal

Vestnes kommune

Vedlegg:

§ 9 budsjett Revidert Budsjett Urdelva - Vestnes sak 21_5147

AKSEPTSKJEMA MRFYLKE ARKEOLOGI - Urdelva konsesjon

Fagsaksbehandlar:

Vassforvaltning: rådgivar Arne Håkon Sandnes, tlf. 71 28 03 50

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Automatisk freda kulturminne: arkeolog/rådgivar, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 28 02 26,

guro.dehli.sanden@mrfylke.no